



UNIVERSITETET I BERGEN (UiB) er eit internasjonalt anerkjent forskingsuniversitet med over 14 000 studantar og vel 3500 tilsette ved seks fakultet og Universitetsmuseet. Universitetet er lokalisert midt i hjartet av Bergen. Det viktigaste bidraget universitetet gjev til samfunnet er framifrå grunnforskning og utdanning med ei stor fagleg breidd.

Stipendiatstilling knytt til prosjektet "Religion i det offentlege rom i Mumbai"

Ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap (AHKR) er det ledig ei stipendiatstilling knytt til prosjektet i "Religion i det offentlege rom i Mumbai" (Religion in Public Spaces in Mumbai) med tilsetjing frå 1. april 2015.

Stillinga vil vere del av ei internasjonal forskingsgruppe som forskar på religion i Mumbai ("Dwelling and Crossing: The Socio-Religious Dynamics of Religious Spaces in Mumbai"). Den som vert tilsett er venta å utvikle og ferdigstille eit ph.d.-forskningsprosjekt som omhandlar religion i det offentlege rom i Mumbai, spesielt om dynamikkane i dei religiøse strukturane i vegkanten og på fortøya, basert på feltstudiar ved utvalde vegar i Mumbai.

Nærare informasjon om prosjektet kan ein finne her: <http://mumbai.b.uib.no>

Kvalifikasjonskrav

Søkjjarar må ha mastergrad i religionsvitenskap eller tilsvarande høgare utdanning. Graden må vere oppnådd innan søknadsfristen er ute.

Også søkjjarar med annan mastergrad, t.d. innan sosialantropologi eller sosiologi, vil kunne bli vurderte for stillingane.

Løn

Løn etter lønssteg 50 (kode 1017/LR 20/alt.8) i statens lønsregulativ (for tida: NOK 429 700 årleg). Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. Frå bruttoløna vert det trekt 2 % til medlemskap i Statens pensjonskasse.

Om stillinga

Den som vert tilsett, vert teken opp på doktorgradsprogrammet ved Universitetet i Bergen. Stipendiatstillinga har som hovudmål å leie fram til ein ph.d.-grad, som kvalifiserer for sjølvstendig forskingsverksemd og for anna arbeid i samfunnet som krev særleg kompetanse. Samla tilsetjingsperiode er tre år.

Tilsetjing i stipendiatstillinga krev at ein har sin daglege arbeidsplass ved Universitetet i Bergen, Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, og rettar seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga. Hovudrettleiar vil som regel vere fast tilsett ved instituttet.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til professor István Keul, tlf. 55 58 20 22, e-post: Istvan.Keul@ahkr.uib.no, professor Michael Stausberg, tlf. 55 58 23 29, e-post: Michael.Stausberg@ahkr.uib.no eller forskerutdanningskonsulent Anna Lisa Arefjord, tlf. 55 58 39 64, e-post Anna.Arefjord@ahkr.uib.no.

Andre opplysningar

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga. Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvoltering i Personalreglementet for vitenskaplege stillingar verte følgde.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte gjorde offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Tilsetjingskomiteen vil gjennomføra intervju med aktuelle søkjjarar før innstilling og tilsetjing.

Slik søker du på stillinga

Søknaden skal sendast elektronisk via link på denne sida «SØK PÅ JOBBEN». Søkjaren må nytte det elektroniske CV-skjemaet.

Søknaden skal innehalde ei utgreiing om søkjaren sin motivasjon for å søkje stillinga. I tillegg må dette følgje søknaden:

1. Prosjektomtale (inntil 5 sider, ikkje medrekna litteraturliste) som skisserer eit forskningsprosjekt innanfor rammene av prosjektet "Religion i det offentlege rom i Mumbai", og som inkluderer refleksjonar over kandidaten si tilnærming til studiet av religionar i Mumbai.
2. Eit kort samandrag av hovudfagsoppgåva/masteroppgåva (inntil 3 sider). Dersom du ikkje har norsk mastergrad, kan du bli beden om sende inn heile masteroppgåva.
3. Vitnemål og karakterutskrift frå universitet/høgskule (skanna versjon) som viser at du har relevant utdanning

4. Liste over eventuelle publiserte vitenskaplege arbeid .

Vedlegga kan vere i Word- eller pdf-format. Vitnemål må vere på eit skandinavisk språk eller engelsk. Omsette vitnemål må vere fakultetet i hende innan søknadsfristen

I tillegg gjeld følgjande krav: <http://www.uib.no/hf/21760/veiledning-s%c3%b8kere-til-stipendiatstillinger>.

Spørsmål om elektronisk søknadsprosedyre kan sendast på e-post til Det humanistiske fakultet: post@hf.uib.no.

Søknadsfrist: 2. januar 2015

Merk søknaden: 14/11589

Jobbnorge-ID: 107640, Søknadsfrist: Avsluttet